

Referat styremøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit 11. september

Stad: Felleskjøpet sine lokale på Skei kl 10:00 – 14:30

Frammøtte: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Odd-Jarle Øvreås og Vidal Sandal (vara)

38/14. Arrangement styremedlemene har delteke på

Jo: Geitedagane på Skei 22-24 aug. Gode tilbakemeldingar på gjennomføringa. Greie dagar, fagleg godt og gode diskusjonar. God representasjon frå NSG sentralt.

Ragnhild: Deltok på delar av geitedagane

21. august møte i gjetarhundnemnda

39/14. Resultat/ balanse pr 31.08.14

Kvart medlem får dette tilsendt i ettertid.

40/14. Sluttutbetaling «Geit i vekst»:

Me vedtek å betale ut restsummen på kr 1504,- til prosjektet. Midlane vert tekne av budsjettpost andre utgifter.

41/14. Søknad om økonomisk stønad til gjetarhundprøve i 2013.

Dette var ei prøve som vart arrangert før gjetarhundlaga vart oppretta. Me dekkjer difor kr 1406,50 av den 10 kroningen ekstra pr. startande hund som vart innbetalt til Sogn og Fjordane Sau og Geit. Frå og med 2014 er denne ordninga avvikla og dei ulike gjetarhundlaga er sjølvstendig økonomisk ansvarlege. SFSG ser seg med dette ferdig med gjetarhundprøver for 2013.

42/14. Revidering av lagslovene til NSG – innspel frå SFSG

Odd-Jarle lagar eit framlegg som styremedlemene får til gjennomlesing før det vert sendt inn til NSG sentralt.

43/14. Innspel til jordbrukstingingane 2015

Me tek dette opp på leiarsamlinga på Skei 8. november. Skriv nokre stikkord om dette på innkallinga til leiarsamlinga. Ein legg opp til høyring i lokallaga i etterkant av leiarsamlinga.

44/14. Leiarsamlinga

8. nov kl 10 – 16 på Skei.

Tema: Lokallaget sin time, innspel til jordbrukstingingane, beitesommaren 2014.

45/14. Møte på Sande 7. nov. med tema Rovdyr. Møte i lag med fylkesmannen

Lars tek ansvar for dette i dialog med fylkesmannen.

46/14. Rovdyrsituasjonen i Sogn og Fjordane – kva kan SFSG gjere

Rovdyrmøte i Lærdal måndag 15. sept. Lars møter for SFSG. Lars møtte ikkje på styremøte i dag fordi han er i møte i Sogn med Bjørn Lødemel og dei rovdyrutsette bøndene.

47/14. Status «gamle» saker

Tek dette att på neste styremøte sidan Lene som har oversikten ikkje møtte i dag.

48/14. Ymse

Det vart informert om skriv frå Troms Sau og Geit. Dei bad om støtte til «den frivillige norske dyreredningstenesten» med base i Salangen i Troms. Dette er eit flott tiltak, men avstandane er store, så me ynskjer heller å nytte oss av lokal kompetanse.

Referent:

Odd-Jarle Øvreås